

# Eksamen

01.06.2018

HHO2002 Aktivitetar med hest / Aktiviteter med hest

**Programområde:** Heste- og hovslagerfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåva, må du skildre vala du gjer, og gje ei grunngjeving. Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkt og forslag til løysing på oppgåva</li><li>• trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>• bruke døme der det er relevant</li><li>• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein tenleg og etterretteleg måte</li></ul>

## Oppgave 1

Du er tilsett i stall Solgløtt. Stallen driv ein rideskole og har elevar frå nybyrjarar til vidarekomne. De har 8 rideskolehestar, men no er de på utkikk etter ein ny skolehest. Ein dag får du beskjed om at det kjem ein ny hest til stallen. De skal låne hesten i 1 veke før de skal avgjere om de skal kjøpe han.

Hesten er ein 10 år gammal fjording. Du får høyre at hesten er både innridd og innkøyrd, og han har gått lette klassar i dressur og sprang. Hesten kjem utan utstyr. Som tilsett i stallen får du i oppgave å lage eit opplegg for den nye hesten slik at de får testa han mest mogleg i løpet av ei veke.

- a) Skildre korleis du legg opp veka.
- b) Kva for eigenskapar ser du etter i ein god skolehest? Grunnge svaret ditt.

## Oppgave 2

I stall Solgløtt får du ein dag beskjed om at det skal kome ei gruppe frå 4H på besøk. Dei skal kome laurdag om 2 veker og skal vere i stallen frå kl. 10.00 til 14.00. Som tilsett får du beskjed om å organisere dette besøket.

Du får desse opplysningane om besøket: Grappa er på 10 stykke, og dei har alle valt hest som 4H-oppgåve. Deltakarane er i aldersgruppa 8–12 år.

- a) Lag eit infoskriv som skal sendast ut til dei besøkjande før dagen.
- b) Korleis vil du leggje opp besøket?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgaven, må du beskrive de valgene du tar, og gi en begrunnelse.</p> <p>Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>• mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• bruke eksempler der det er relevant</li><li>• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>

## Oppgave 1

Du er ansatt i stall Solgløtt. Stallen driver en rideskole og har elever fra nybegynner til viderekommende. Dere har 8 rideskolehester, men nå er dere på utkikk etter en ny skolehest. En dag får du beskjed om at det kommer en ny hest til stallen. Dere skal låne hesten i 1 uke før dere skal avgjøre om dere skal kjøpe den.

Hesten er en 10 år gammel fjording. Du får høre at hesten er både innridd og innkjørt, og den har gått lette klasser i dressur og sprang. Hesten kommer uten utstyr. Som ansatt i stallen får du i oppgave å legge opp et opplegg for den nye hesten slik at dere får testet den mest mulig i løpet av en uke.

- a) Beskriv hvordan du legger opp uken.
- b) Hvilke egenskaper ser du etter i en god skolehest? Begrunn svaret ditt.

## Oppgave 2

I stall Solgløtt får du en dag beskjed om at det skal komme en gruppe fra 4H på besøk. De skal komme lørdag om 2 uker og skal være i stallen fra kl. 10.00 til 14.00. Som ansatt får du beskjed om å organisere dette besøket.

Du får følgende opplysninger om besøket: Grappa er på 10 stykker, og de har alle valgt hest som 4H-oppgave. Deltakerne er i aldersgruppa 8–12 år.

- a) Lag et infoskriv som sendes ut til de besøkende i forkant av dagen.
- b) Hvordan vil du legge opp besøket?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)